



SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2015	034/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	TI-&13	15/310

Uttale til høyring - Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	30.03.2015	Kulturdepartementet	Høring - Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker.
3	I	12.05.2015	KRF v/gruppleiar Gunn V. Helgesen	Uttale til høyring

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
10.06.2015	Framlegg til høringssvar frå Selje kommune.docx	66751

Saka gjeld

Regjeringa har sendt på høyring eit framlegg om endringar i heilagdagslova for å tillate søndagsopne butikkar. Frist for slik høyring er 30.06.2015.

Opplysningar til saka

Regjeringa sin politiske plattform (Sundvolden- erklæringa) seier at regjeringa vil *tillate butikker å holde åpent på søndager*, og at regjeringa *sammenn med partene i næringslivet vil vurdere hvordan de butikkansatte kan bli omfattet av et godt lovverk når det gjelder arbeidstid og medbestemmelse*.

Kulturdepartementet gjer på denne bakgrunn framlegg om endringar i lov av 24. februar 1995 nr 12 om heilagdagar og heilagdagsfred (heilagdagslova) § 5 om sal frå faste utsalsstadar. Endringsframlegget vil føre til at butikkane kan halde ope på alle vanlege søndagar.

Departementet gjer samtidig framlegg om å oppretthalde påbodet om stengde butikkar på dei 10 særskilde heilagdagane (nyttårsdag, skjærtorsdag, langfredag, 1. påskedag, 2. påskedag, Kristi Himmelfartsdag, 1. pinsedag, 2. pinsedag, 1. juledag og 2. juledag). Likeeins at det gjeldande påbodet om stengde butikkar på dei særskilde høgtidsdagane 1. og 17. mai blir vidareført. Dette gjeld også påbodet i heilagdagslova § 5 om at butikkar skal halde stengt frå kl 16.00 på jul-, påske- og pinsefta.

Lover/regelverk

Heilagdagslova.

Sakshandsamar si vurdering

Søndagen er ein viktig felles fri- og kviledag, og dermed ein dag der ein kan dyrke familie, vennskap og felles aktivitetar. Dette er ein svært viktig del av kulturarven vår som vi må hegne om. Svært mange i yrkesaktiv alder, og som har etablert seg med eiga familie, har ein stressande og travel kvardag der det ofte blir for lite tid og rom for å ta vare på kvarandre.

Dette er heller ikkje noko butikkane vi tene på, kanskje tvert om for fleire av butikkane ute i distrikta. Ein kan risikere dersom dette vert gjennomført at mange vil ta turen til eit større kjøpesenter og dermed vil butikkane i nærområdet tape omsetting og kanskje dermed måtte legge ned. Det handlar og om dei som har arbeidet sitt i butikkane og som vil misse fritid og kvalitetstid med dei rundt seg.

Dei aller fleste av oss er i stand til å planlegge innkjøpa våre slik at dette ikkje er eit turvande tiltak for folk flest.

Konklusjon

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendringane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Saksgang

Kommunestyret avgjer saka.

Klageadgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendringane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Handsaming i Kommunestyret - 15.06.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen (ordførar) fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-034/15 VEDTAK

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendringane, verken primærframlegget eller sekundærframlegget, og gjer følgjande uttale som er vedlagt saka.

Samrøystes.

Utskrift til:
Kulturdepartementet